

SLUTTRAPPORT

Forprosjekt: Bibliotek- og publikumsutvikling

1. MÅL

1.1 Mål for prosjektet

Målet for forprosjektet var å legge til rette for å igangsette eit hovudprosjekt ved å samle data og gjennomføra ein pilot. Nye samarbeidsformer skulle testast ut i biblioteket i den nye samanslåtte kommunen og saman med ikkje-brukarar.

Forprosjektet skulle bestå av ei kvantitativ og ei kvalitativ undersøking som skulle gje oss kunnskap om kven som nyttar og ikke nyttar biblioteket. Det skulle utarbeidast ein marknadsføringsstrategi som skulle hjelpe Lillestrømbibliotekene med å nå nye brukarar. Funn, verktøy og modeller skulle samlast i ein rapport og presenterast gjennom eit opent seminar.

1.2 Måloppnåelse

Søknadssum til Nasjonalbiblioteket var på kroner 1.200.000. Innvilga tilskotsbeløp var på kroner 600.000, halvparten av omsøkt sum. Dette medførte at Lillestrømbibliotekene måtte justere planane for prosjektet. Endringane medførte ikkje vesentlege justeringar av målsetjinga for prosjektet, men ei prioritering av tiltak og ei budsjettjustering (sjå punkt 5).

Hovudmålet for prosjektet var å gje kunnskap om kven som nyttar og kven som ikkje nyttar biblioteket. Me valte difor å konsentrera oss om prosjektet sine to fyrste hovuddelar (undersøkingar) og ei nedskalering av prosjektets tredje del (pilot). Me stilte krav om at undersøkinga skulle bygga på indikatorar som kan gjennomførast på ny, nyttast av andre og gje svar som kan samanliknast på tvers av bibliotektype. Me har oppnådd målet om å utvikla denne typen undersøking, men har grunna avkorting i tilskotsbeløpet ikkje hatt økonomi til å rigge prosjektet slik at andre bibliotek enkelt kan «kople seg på».

Prosjektet har resultert i ein rapport som gir kunnskap om brukarar og ikkje-brukarar av Lillestrømbibliotekene. I tillegg har me fått produsert ein rapport som både er ein analyse av dagens bibliotek og kjem med anbefalingar, verktøy og modellar for korleis biblioteket kan utvikla sitt publikum. Resultata har blitt presentert ved fleire anledningar for biblioteksektoren.

2. GJENNOMFØRING

Prosjektet består av tre hovuddelar. Me har valt å rapportere ut frå desse tre hovuddelane for å synleggjera at prosjektet er gjennomført i tråd med formålet og forutsetningane gitt ved tildelinga av midlane.

2.1 Undersøking bibliotekbruk

Me har gjennomført ei undersøking blant våre brukarar og identifisert kven som besøker biblioteket, kva som ligg til grunn for besøket, korleis dei besøkande vurderer biblioteket og kva dei ynskjer at biblioteket skal satse på. Undersøkinga viser m.a. at sju av ti besøkande er kvinner, at bibliotekets funksjon som kunnskaps- og læringsarena har størst betydning for at dei besøkande drar på biblioteket. Dette er funn som er kjent for sektoren og ikkje gir oss ny kunnskap om brukarane. Dukkan ein ned i undersøkinga finn ein ei rekke svar som vil vera avgjerande i arbeidet med å utvikla biblioteket til det beste for våre brukarar. Eit døme på dette er kva funksjonar ved biblioteket som har mest betydning for dei besøkande. Biblioteket som møteplass har størst betydning for dei besøkande under 30 år, og betydninga som møteplass avtar med høgare alder. Ein ser også at kulturarrangement er det nest hyppigaste området dei besøkande meiner at biblioteket bør satse på. Kulturarrangement hamner lengre ned på lista til ikkje-brukarar av biblioteket og er difor eit viktig funn i arbeidet med å etablere det nye biblioteket i Lillestrøm by som eit levande bibliotek og litteraturhus.

Undersøkinga blei gjennomført i samarbeid med konsultentselskapet Rambøll. Innhald, tema og spørsmål i spørjeskjema blei drøfta i ei referansegruppe beståande av representantar frå bibliotek i andre kommunar, fylkesbiblioteket og Nasjonalbiblioteket. Dette for å sikre at undersøkinga også skal ha overføringsverdi til andre bibliotek. Datainnsamlinga blei gjennomført i perioden 21. februar til 22. mars 2022 og målgruppa var besøkande ved biblioteka frå 15 år og oppover. Dei besøkande kunne velje å svare på to ulike måtar, på eit nettbrett (stand) i biblioteket eller ved å scanne ein QR-kode/link og svare på eigen mobiltelefon, nettbrett eller datamaskin. Undersøkinga blei gjennomført eit halvt år før det nye biblioteket i Lillestrøm by opna.

I søknaden trakk me fram at finst lite ny og oppdatert litteratur og forskning for biblioteksektoren og at mange støttar seg på eldre undersøkingar om brukarar og ikkje-brukarar. Det var eit mål for oss å få ei oversikt og at dette skulle vera ein del av undersøkinga. Rapporten har difor eit innleiande kapittel som viser til og omtalar relevant litteratur og forskning.

2.2 Undersøking ikkje-brukaren

Me har gjennomført ei undersøking blant personar som ikkje nyttar biblioteket. Me har sett nærare på kven ikkje-brukaren av biblioteket er, kva tankar dei har om biblioteket og kvifor dei ikkje har nytta biblioteket. Definisjonen av ein ikkje-brukar av biblioteket er ein person som fysisk ikkje har besøkt biblioteket det siste året. 40 % av dei som svarta på undersøkinga har ikkje besøkt biblioteket dei siste tre åra og 6 % svarta at dei aldri har besøkt biblioteket. Undersøkinga viser også at seks av ti ikkje-brukarar aldri har nytta seg av biblioteket sine digitale tilbod. Undersøkinga blant ikkje-brukarane gir oss ei rekke interessante funn. Ein ser mellom anna at denne gruppa har ei større spreiding i inntekt og at gruppa har andre ynskjer for bibliotektilbodet.

Undersøkinga blei gjennomført som ei spørjeundersøking retta mot befolkninga i Lillestrøm kommune gjennom Norstat sitt webpanel. Innbyggjarundersøkinga gjekk fram til ein hadde fått svar frå 250 menn og 250 kvinner. Norstat sto for distribusjon og innsamling. Også denne

undersøkinga blei utvikla av Rambøll i samarbeid med Lillestrømbibliotekene og bygde på spørjeskjema laga for brukarar av biblioteket.

2.3 Pilot

I den opphavlege planen skulle prosjektet avsluttast med ein pilot i samarbeid med idekunstnar Håkon Sønneland. Sidan tilskotssum var langt mindre enn omsøkt beløp valte me å gjere denne delen av prosjektet mindre enn fyrst planlagt. Denne delen blei redusert frå å vera ein stor og utprøvande pilot i samarbeid med ikkje-brukarar og ulike marknadsføringsstunt, til å bli eit seminar med Sønneland for tilsette i biblioteket og samarbeidsbibliotek på Nedre Romerike. Tema for seminaret var å nå brukarar og ikkje-brukarar på nye måtar. Håkon Sønneland bidrog med erfaring frå tidlegare prosjekt og utfordra dei tilsette til å tenka nytt i programmering, marknadsføring og kommunikasjon.

Målet for både undersøkingane og piloten var å koma opp med ei samling konkrete verktøy og modellar som også kan nyttast av andre bibliotek i landet. Etter å ha gjennomført prosjektet og evaluert funn erkjente me at det mangla litt for å oppfylla dette målet. Me satt igjen med eit stort og godt kunnskapsgrunnlag, men var usikre på vegen vidare og kva verktøy og modellar me skulle ta i bruk for å nå målet om å nå nye og eksisterande brukarar. Me kontakta difor Kulturmeglerne og Rodeo Arkitekter for å bistå oss med å peike ut vegen vidare med bakgrunn i funn frå rapporten til Rambøll.

Kulturmeglerne og Rodeo Arkitekter leverte ein rapport som består av to deler. Dei eine delen har til hensikt å gje ei betre forståing for korleis Lillestrømbibliotekene kan møte framtidige behov. Den andre delen er ein konkret anbefaling for korleis biblioteket kan nå eksisterande og nye brukargrupper. I denne delen finn ein råd til aktivitetar og tiltak som har som mål å føre til auka bruk og meir synlighet.

3. PRESENTASJON AV PROSJEKTET

Prosjektet har blitt presentert ved fleire ulike anledningar:

Lillestrøm kulturkonferanse 2022 – 30.08.2022

Tema for konferansen var «Kulturens plass i byutviklingen». Rapporten ble lansert under konferansen og presentert av Rambøll.

Harde fakta og gode historier, Viken – 23.03.2023

Presentasjon av prosjektet og rapportane. Arrangementet ble gjennomført både fysisk og som strømmearrangement.

Anna

Prosjektet har blitt presentert for Lillestrøm kommunes hovudutval for kultur, kulturavdelinga og fleire andre bibliotek og kommunar.

Prosjektet er planlagt presentert ved følgjande arrangement i 2023:

Lillestrøm kulturkonferanse 2023 – 25.10.2023

Heile prosjektet skal presenterast under årets kulturkonferanse. Fokus blir framtidias

bibliotek, basert på rapportane frå Kulturmeleglerne og Rodeo Arkitekter. Presentasjon av forfattarane av rapportane og Lillestrømbibliotekene.

Medverkingsmøter innbyggjarar

Presentasjon av funn som del av medverkingsprosessar med innbyggjarar i kommunen.

Håkon Nyhuus-seminaret 2023 – 28.11.2023

Innlegg (45 minutt) under årets Nyhuus-seminar.

4. PROSJEKTORGANISERING, RESSURSAR

Prosjektet har blitt leia av Henning Mongstad, prosjektleiar i Lillestrømbibliotekene.

Bibliotekets leiargruppe har fungert som ressursgruppe. Leiargruppa består av Sølvi Tellefsen (biblioteksjef), Anett Kolstad (seksjonsleiar), Ragnhild Malfang (formidlingsleiar) og Henning Mongstad (prosjektleiar).

Ekstern referansegruppe: Jannicke Røgler (Biblioteksjef, Trondheim bibliotek), Trygve Kikut (Fylkesbiblioteket i Trondheim), Inger Stenersen (Nasjonalbiblioteket) og Leikny Haga Indregard (Biblioteksjef i Bergen).

Rambøll bidrog med fleire ressursar inn i prosjektet. Ansvarleg for leveransen var Jon Martin Sjøvold (prosjektleiar), Siri Storøy og Sigrid Jerpestad.

Kulturmeleglerne sin rapport blei utarbeida av Christian Dyresen (prosjektleiar) og Vilde Øen Mangen.

Rodeo Arkitekter sin rapport blei utarbeida av Knut Schreiner.

I tillegg medverka ulike ressursar ved Lillestrømbibliotekene.

5. ØKONOMI

Søknadssum til Nasjonalbiblioteket var på kroner 1.200.000. Innvilga tilskotsbeløp var på kroner 600.000, halvparten av omsøkt sum. Endringa i dei økonomiske forutsetningane gjorde at finansieringsplanen måtte justerast.

5.1 Prosjektrekneskap

I vedlagt spesifisert rekneskap samanstillar me det opphavlege budsjettet som følgde søknaden med det endelege prosjektrekneskapet. Rekneskapet viser at tilskotsbeløpet frå Nasjonalbiblioteket i all hovudsak har blitt nytta til å gjennomføra kartlegginga blant brukarar og ikkje-brukarar (Rambøll), samt til oppfølging av resultat (Sønneland, Kulturmeleglerne og Rodeo Arkitekter).

5.2 Anna finansiering

Lillestrømbibliotekene søkte Nasjonalbiblioteket om å få bruke en liten del av prosjekt 703ce8fc, Kunnskapsbiblioteket Lillestrøm inn i dette arbeidet. Det blei godkjent av Tordis Holm Kverndokk 27.01.2021. Kr 200.000 blei i hovudsak nytta til å dekke honorar til Kulturmeglerne og Rodeo Arkitekter.

5.3 Eigeninnsats

I det opphavlege budsjettet blei det budsjettert med kr 800.000 i eigeninnsats. At prosjektet blei utvida til å inkludere rapportar frå Kulturmeglerne og Rodeo Arkitekter medførte at eigeninnsatsen måtte aukast. Sjå vedlagt dokument der eigeninnsatsen er spesifisert.

6. VEGEN VIDARE

Forprosjektet har gitt oss unik kunnskap som skal nyttast i det vidare arbeidet med bibliotek- og publikumsutvikling. Det har ikkje berre gitt oss kjennskap til brukarar, bruksmønster og ynskjer, men også verktøy og modeller som kan hjelpe oss å nå måla.

Det har sidan start blitt lagt opp til at metode og funn kan delast med andre. Me håper og trur at både mindre og større bibliotek kan dra nytte av arbeidet som har blitt gjort.

Lillestrømbibliotekene vil fortsette å formidle resultata og stille seg disponible for å dele erfaringar med andre bibliotek.

Undersøkingane byggjer på indikatorar som kan gjennomførast på ny, brukast av andre og gi svar som kan samanliknast på tvers av bibliotektype. Målet er å gjennomføra undersøkinga blant brukarar av biblioteka med jamne mellomrom. Alt ligg til rette for at andre bibliotek kan ta i bruk undersøkinga, men grunna avkorting i tilskotsbeløpet var det ikkje økonomi til å rigge prosjektet slik at andre bibliotek enkelt kan «kople seg på». Lillestrømbibliotekene bidrar gjerne i arbeidet med å vidareutvikla ein portal som eit bibliotek på enkelt vis kan knytta seg til utan at det medfører ein stor kostnad. Uavhengig av dette er Lillestrømbibliotekene i dialog med fleire bibliotek som ynskjer å delta i neste runde.

7. VEDLEGG

Vedlegg 1 – Brukere og ikke-brukere av bibliotekene i Lillestrøm

Rambøll – september 2022

Vedlegg 2 – Lillestrømbibliotekene som besøksdestinasjoner

Kulturmeglerne og Rodeo Arkitekter – mars 2023

Vedlegg 3 – Spesifisert regnskap

Opphavleg prosjektbudsjett og endeleg spesifisert rekneskap

Vedlegg 4 – Oversikt egeninnsats

Oversikt over eigeninnsats for prosjektperioden

Vedlegg5 – Regnskapsrapport
Revisors beretning til prosjektrekneskapet

Lillestrømbibliotekene takkar Nasjonalbiblioteket for tilskotet som har gjort dette prosjektet mogleg.

26.05.2023

For Lillestrømbibliotekene

Henning Mongstad
Prosjektleder, Lillestrømbibliotekene
Kommunalområde Kultur
Jonas Lies gate 18, 2000 Lillestrøm
Telefon: +47 908 25 625
www.lillestrombibliotekene.no
www.lillestrom.kommune.no
<https://www.facebook.com/lillestrom.kommune.no/>

